



Per Gunnar Haavik hadde godt sal på Børnes laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ole Torbjørn Holmedal, som eig og driv firmaet Bogsnes Marine, har kjøpt den 2,2 dekar store eigedomen til Haavik Eigedom på Børnes industriområde i Uskedalen for 1,4 millionar kroner. Dit skal Holmedal i næraste framtid flytta verkstaden sin frå Bogsneskaien. Men butikken, som han flytta frå Bogsneskaien sist vår, vil han framleis ha liggjande på Sunde.



Ole Torbjørn Holmedal satsar på Børnes
(Foto: Innsida.no)

- Børnes-salet gjekk føre seg for ein grei pris for begge partar, seier Holmedal til uskedalen.no Også seljar Per Gunnar Haavik seier seg fornøgd med prisen.

Det Holmedal har kjøpt er ei tomt som er delvis opparbeidd og som ligg på venstre side like før ein kjem ned til Hjørnevåg. På tomta står ein bygning som mellom anna inneheld uisolert lager, isolert verkstad og lager, kontor, pauserom og toalett. Laurdag hadde Per Gunnar Haavik sal på Børnes og det var til dels stort innrykk av

kjøparar, som kunne sikra seg alt frå dørar, vindu, skifer- og betongheller til elverktøy, varmevifter, taklister og panel.

Haavik bygde på eigedomen for 20 år sidan og sjølv budde han i Herøysund til for tre år sidan. Då flytta han til Fusa der han no er prosjektleiar i kommunen. Broren hans dreiv vidare på Børnes, men han døydde brått for halvtanna år sidan. Sidan har Børnes-eigedomen lege brakk og til slutt bestemte Per Gunnar seg for å selja. – Interesse har vore god, fortel han. Interessentar frå fleire delar av Kvinnherad tok kontakt, men Holmedal fekk altså tilslaget. Hvis Haavik ikkje hadde lukkast med sal, ville han ha freista å skapa noko sjølv.

Holmedal - mest kjend som profilert politiskar i Framstegspartiet – starta båtfirmaet Boggsnes Marine for fire år sidan. I fjor hadde han ein omsetnad på rundt tre millionar og det var ei dobling frå året før. Akkurat no er Holmedal åleine i firmaet, men han har avtale med fleire som han kan kalla inn ved behov og frå våren ønskjer han seg ein fast mekanikar.

- Men blir det ikkje upraktisk å ha eitt bein på Sunde og eitt i Uskedalen?

- Det er ingen ideell situasjon, men det skal gå greitt, svarer Holmedal. På Børnes var han ikkje minst freista av gode verkstadfacilitetar og den store kaia som ligg like ved.

Det skjer meir på Børnes. Rune Hjønnvåg skal etablere seg med drivstoffsalet sitt der.

Men mange er spente på kva som skal skje med eigedomen etter Guddal Transport, som er nabo til den Holmedal no har kjøpt.

Av Ola Matti Mathisen